

Straume barnehage

årsplan 2024-2025



Straume barnehage har tre avdelingar med plass til 46 barn. Det er 9 barn på småbarnsavdelinga og 18 på dei to store avdelingane.

Vi er plassert på Straume og har lett tilgang til bibliotek og andre offentlege plassar i Øygarden kommune, og tilgang til utmarksområda i Foldnesmarka og Arefjord og » Indianerskogen».

Årsplanen skildrar ”grunnmuren i arbeidet vårt, kva mål vi har, og korleis vi skal nå disse måla. Planen er eit arbeidsreiskap for personalet og viktig som informasjon til foreldre og samarbeidspartnarar om kva barnehagen vektlegg i sitt virke. Grunnlaget for arbeidet vårt ligg i barnehageloven § 1, rammeplan for barnehagen og Øygarden kommune sine vedtektar og mål.

Kontakt med barnehagen

Styrar: laila.ask@oygarden.kommune.no

Tlf:55097865

Avdeling Sol:91774733

Avdeling Luna 91722925

Avdeling Stjernerdyss 9179448

Planleggingsdagar

Barnehageåret 2024/2025 er planleggingsdagane:

9 september

1 november

7 februar

2 mai

30 mai

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Vår visjon:mangfald og meistringsglede

Vår profil: miljø og natur,musikk og matematikk.

Mål: ein god stad å vere, oppleve leike og lære.

Visjon : mangfald og meistringsglede

Barnehagen vår har eit rikt kulturelt felleskap bygga på dei ulike kulturane,språka og religionen til barna i barnehagen.Vi set pris på dei positive erfaringane tilsette og barn får ved å ha mange kulturar i barnehagen. Mangfald er normaltilstanden hos oss. Vi møter kvarandre med ein open, undrande, og inkluderande haldning og ein anerkjennande praksis. Vi byggjer på tanken om et vi, ikkje oss og dei, og skapar ein samarbeidskultur.

Tidleg på hausten har vi fokus på kroppen, på ulike familiesamansetningar vi kan være en del av, og av å skape respekt og forståing. Alle familieforhold skal speilast slik at barnet kan identifisere seg og kjenne tryggleik og stoltheit over at det er fleire som har det slik som ein sjølv. Vi vil bruke litteratur og eit ferdig materiale som heiter familiar -ulike og unike. Det er laget av Silje Rhafa Tjersland og viser mangfaldet rundt barna sin familie på ein varm og humoristisk måte. Historiane gjer barna kunnskap om toleranse for ulike famileformar og gjer dei omgrep knyta til familie, slekt, nettverk og korleis ein blir til.

Samenes nasjonaldag vil bli markert i barnehagen.

Meistring handlar om at barnet får til noko dei ønskjer, sjølv om dei ikke alltid lykkast på første forsøk. Alle barn skal få oppleve mestringsglede ved å få oppgåver tilpassa sine evner og føresetnader. Vi må kjenne barnet godt slik at vi legg forventningar og utfordringar på eit riktig nivå. Det må vere ein balanse mellom det barnet ønskjer å få til og kva det har av ressursar og støtte tilgjengeleg for å kunne få det til. Det å oppleve meistring vil bygge opp sjølvkjensla hos barna, og gje dei ei positiv oppleving som igjen kan gje dei lyst på nye utfordringar.

Mål

Straume barnehage, ein god stad å vere, leike, oppleve og lære.

I barnehagen vår skal barn og foreldre føle seg trygge. Barn tør å forsøke meir og lærar meir når dei er trygge. Trivselen skal vere høg, mangfaldet stort og ein skal lære å omgås andre og sette pris på kvarandre. Dette skal skje i nært samarbeid med foreldre ved at vi er opne og lyttar til deira tankar og innspel. Vi ønskjer å formidle eit positiv menneskesyn, likeverd og toleranse i alt vi gjer. Vi skal ha respekt for alt som er annleis, være fordomsfrie og møte andre med eit ope sinn.

Vi vektlegg leiken, og gjev den stor plass. Dei vaksne er aktive og sikrar at alle får vere med i leik ved å danne leikegrupper ol. ved behov.

Barna får gode opplevingar både inne i barnehagen og på turar ut av barnehagen, noko som bidreg til gode stunder og til læring. Gjennom arbeid med fagområda sikrar vi tilrettelegging for læring.

Målet gjeld og for dei vaksne i barnehagen, dei skal få utfordringar i eit stimulerande og støttande miljø.

Vår profil: miljø og natur ,musikk og matematikk

Vi meiner at det er viktig at barna veit kvar maten kjem frå, og at dei får eit naturleg og godt forhold til naturen rundt oss. I Straume barnehage har vi drivhus og har laga til plantekasser ute der vi dyrkar ulike grønsaker. Vi har og fleire blomsterbed for å støtte opp om og lære om insekter. .



Barna er med på å plante, vatne, gjødsle, stelle og hauste. I drivhusarbeidet har vi fokus på realfag.

Vi har fokus på matematiske omgrep, mengde, målar og observerer samtidig som vi blir kjent med form og farge. Kor tung er ein agurk i forhold til ein tomat? Kor mange agurkar har vi fått, kva for ein er lengst, kortast ol?

Vi nyttar og ulike måtar å vatne på, og prøver oss fram med ulike vatningsmetodar som til dømes å bruke ulltrådar frå bøtte til plante.



Grønt flagg

Straume barnehage har sertifisert seg som ein grønt flagg barnehage. Det innebærer at mange sider ved miljøarbeid og bærekraftig utvikling skal systematiserasa og holdeas ved like.

Foreldre,barn og tilsette vil bli involvert i arbeidet.

Det første

barnehageåret vi deltok lagde vi nye bed og pallekarmar til dyrking av bie og humlevennlege plantar og spiselige vekster. Vi har planta epletre, jordbær,bønner,salat,reddik,gulrot i tillegg til paprika,agurk,tomat og squash som vi har i drivhuset.

I fjor hadde vi prosjekt som gjekk på kildesortering og rydding av plast i naturen.

Dette barnehageåret skal vi ha fokus på gjenbruk . Ta vare på og bruke det vi har. Lage leikstasjoner og anna med mellom anna pappøskje og verdislaust materiale.Vi skal ha innkjøpstopp av leikar og prøve å reparere dei vi har dersom det let seg gjere. Vi snakkar og med dei om kor viktig det er å ta vare på det vi har, og motvirke bruk og kast tankegang.

Verdiløst material og «skrot» kan det bli mykje fint utav og er noke vi har stor glede av å bruke. Når vi handlar nytt er det material som kan brukast lenge.



Ulike måter å lære om
forsøpling. Vi plukker
boss,dramatiserer,
leser, og former

Berekraftig utvikling

Dei må lære å bruke og ta vare på naturen på ein god måte. Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar og vi brukar naturen som arena for leik og læring. Vi vil oppsøke dei same plassane gjennom året slik at barna kan sjå endringane som skjer.

Naturmaterialer samlast inn og brukast til forming. Naturen blir brukt som arena for leik, læring, utforsking og undring

Dei får oppleve og utforske fysiske lover og naturfenomen ved at vi gjere forsøk. Om hausten har vi vind og regnmåling. Vi lagar ting saman og bruker verkty saman med dei, som hammar, sag, symaskin når vi lager kostyme.

Barna lærer om resirkulering, om prosessar og materialer. Vi er gode rollemodeller i forhold til å ta vare på naturen rundt oss, og ha respekt for liv og dyr. Alle tilstellingar i barnehagen og utflukter betalar barnehagen for. Dette er for at alle barn og foreldre skal stille likt og ha moglegheit for å delta.

Vi kildesorterar i barnehagen og dette arbeidet deltek barna i.



Tal, rom og form

Matematikk for barnehagebarn dreier seg mykje om å utvikle omgrep og eit variert ordforråd, og om å la barna utforske og oppdage matematikken i leik og daglege rutinar i barnehagen. Vi sikrar at dei oppdager og undrer seg over matematiske sammenhenger, og utviklar forståing for grunnleggande matematiske omgrep.

Vi bruker matematikken i dei prosjekta vi held på med ,finn matematikken i eventyra, kostymelaginga, i kunst og kultur som t.d. sangar. Dette gjer vi på ein måte som inviterer barnet til å vere aktivt og skapande, vere problemløysande med aktiv støtte frå dei vaksne. Det å arbeide med problemløysing har vi stort fokus på, og vi nyttar «nysgjerrigpermetoden» til dette.

Barna bruker og mange sansar og kroppen sin til å erfare storleik i omgjevnadane og utvikle romforståing.

Vi søker å gje barna glede i å arbeide med matematikk, og utforske og reflektere saman om matematiske idear.

Barna utforskar og problemsetter. Dei arbeider med område som er ukjent for dei og prøver seg fram med ulike strategiar. Då er det viktig at vi klarer å sjå kva dei prøver å tileigne seg og støtte dei i dette arbeidet ved å beskrive og gje dei ord til å forklare det som skjer



Musikk

Vi er ein syngende barnehage

Gjennom å delta i syngende barnehage får vi tilgang til mykje materiale,webforedrag om musikk og språk, instrumentbruk og bruk av musikk i kvardagssituasjoner.Flotte plakatar med reglar og sangar, månadlege nyhende med forslag, tips og gode historiar. Dette støttar og inspirerar oss til å arbeide aktivt med musikk i kvardagen. Vi bruker det pedagogiske materiale og inviterar foreldre inn i dette arbeidet ved å gjere foreldre kjent med sangar og reglar vi brukar i barnehagen og som dei kan bruke heime. Dei har og tilgang til nettsidene til syngende barnehagar.. Vi har ein konsert/opptreden for foreldre eller andre kvart år, f.eks på bu og servicesenteret der vi har lucia opptreden, eller på sommerfest der vi alltid har ein del musikk innslag.

Vi har eit samarbeid med straume bu og servicesenter ,ein gruppe barn og vaksne frå barnehagen drar til dagstua på eldesenteretog har felles musikkstund med ei gruppe eldre.

Dette blir ledet av en musikkterapeut. Denne høsten vil det vere ein slik musikkstund annankvar veke. Mulig at det fortsetter til våren.



Vi skal dette barnehageåret være med i eit pilotprosjekt der vi skal prøve ut eit konkret materiale i musikkstundene våre. Dette materialet er utarbeidd av Erica Kroken og Åshild Eriksen på musikkskulen. Dei har laget opplegg innan ulike emne med forslag til kordan vi kan legge det opp med tekstar,rim ,rytme og sanger. Også henvisning til bøker er med.



Dagsrytme

Dagsrytmen visar faste rutinar vi har i løpet av dagen. Den er ein viktig del av vårt pedagogiske arbeid og gjer det oversiktleg for barna. Den regelmessige og gjentekne strukturen representerer tryggleik for barna og er deira høve til å ha omgrep om tida. Kvardagslivet blir ein viktig ramme for små barn si læring og utvikling.

07.00	Barnehagen opnar
08.30	Frukost
09.15-11.15	Planlagde aktivitetar, tur, leik inne, Stjernerdryss samling etter frukost og dei er ute om føremiddagen
11.15-12.15	Rydding og samling før måltid for barna
12.15	Smørelunsj (Stjernerdryss har lunsj kl. 11.30)

13.00	Vi går ut
15.00	Fruktnmåltid.
15-16.30	Når veret er godt er vi ute hele ettermiddagen eller vi går inn igjen til leik inne.
16.30	Barnehagen stenger

Livsmestring og helse:

Livsmestring er for oss å sikre at barna får dei erfaringane dei treng for å klare seg i kvardagen. Dei må lære å møte utfordringar på ein god måte. Vi gjev dei hjelp til regulere følelsar som sinne, frustrasjon og vonbrot og vi har fokus på at dei prøver heller enn på resultatet. Dei må kunne prøve og feile utan å gje opp. Helse er for oss at dei har det godt fysisk og psykisk.

Vi er opptekne av at barna skal føle seg glade, trygge og ha ein god sjølvkjensle. Barn og vaksne treng gode relasjonar som er prega av sensitivitet, anerkjenning og gjensidigheit.

Dette arbeider vi med å sikre gjennom arbeidsverktya våre, som cos, duå, dino, og trygg i Felleskap.

Kvar haust vil vi ha ei veke der vi har kroppen vår som tema. I rammeplanen står det at barnehagen skal bidra til at barna utvikler eit bevisst tilhøve til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser. Barn som har kunnskap om eigen kropp, og har ord til å beskrive handlinger er betre budd for å seie ifrå dersom respekten for deira kropp blir brutt.



Mobbing:

Barnehagen deltek i Trygg i Felleskap, eit program for å førebygge mobbing. Dette er ein arbeidsmodell for å førebygge, avdekke og handtere mobbing.

Kunne, ville, våge, handle

Vi observerer barna sin måte å vere på, sosiale evner og ved behov lagar vi handlingsplanar i nært samarbeid med foreldra. Trygg i Felleskap har og fokus på krenkelsar frå vaksne og barn ,slik som å kjefta, oversjå, vere negativt innstilt til barna.

Vi har barneintervju om barna sin trivnad kvart år,og vi spør i tillegg foreldra om korleis barna har det i barnehagen

Tidleg på hausten har vi vennskapsveke i barnehagen der vi snakkar om kva ein god ven er, og korleis vi bør vere med kvarandre.

Dersom vi får innspel på eller mistanke om at eit barn ikkje har det bra skal vi følgje med, gripe inn ,varsle undersøke og sette inn tiltak og dokumentere. Vi snakkar med barnet og med foreldra om korleis vi best kan løyse det. Duå er eit program som vi brukar, som lærer barna å vere saman på ein god måte.

Fysisk helse:

Vi organiserer dagane slik at barn får stunder der dei kan søke rolege aktivitetar og tilrettelegg for kvile før mat. Vi freistar å halde støynivået lågt, og lar barna fordele seg inne og ute, og vere i mindre grupper når det er mogeleg.

Vi stimulerar til fysisk aktivitet i barnehagen med minirøris, dans, leik ute som til dømes haien kommer. Vi bruker trampoline og utstyr som fremmer koordinasjon og balanse.Det er og gode og varierte miljø ute i barnehagen der ein kan få brukt kroppen sin godt.

Det er fleire flotte naturområde rundt oss, og vi går ofte tur ut i naturen.

Vi ser og på ver og vind og lærer borna kva som er godt klede denne dagen.

Barna må vere borte frå barnehagen dersom dei er sjuke eller har dårleg almenstilstand og ikkje kan følgje dei vanlege aktivitetane eller vere ute.



Herlige
dager
ute

Bti (betre tverrfagleg innsats)

Det er ein samhandlingsmodel som er utvikla for å synleggjera kor viktig det er at alle barn og unge har nokon som ser dei og kan hjelpa dei om dei har det vanskeleg. Gjennom samhandlingsmodellen skal oppvekst, helse og andre hjelpeinstansa bli endå betre på å samarbeide med barn og ungdom og med føresette.

Rein hand barnehage:

Alle foreldre og barn vaskar hender når dei kjem til barnehagen. Ellers eigne prosedyrar i løpet av dagen, f.eks før mat og når ein kjem inn. Dette er for å førebyggje sjukdom og hindre smitte. Barn og tilsette får opplæring.

Matglede og sunne matvaner

Måltida vår skal være prega av ro og god stemning, med plass til den gode samtalen. Barna har med matpakke til frukost

- Barna får frukt og grønnsaker kvar dag
- Smørelunsj med grovt brød kvar dag.
- Varm mat til lunsj kvar fredag, anna kvar fredag fiskeprodukt.
- Til drikke er det ekstra lettmjølke eller vatn.

Bursdagsfeiring

Barnet er i sentrum i den gode stol med bursdagskrone på. Barna seier noko fint om den som bursdag, t.d. kva barnet er god til.



Trygg i trafikken

Kvar haust har vi fokus på korleis vi skal oppføre oss i trafikken. Vi bruker eit opplegg utarbeida av Trygg Trafikk. Her blir barna kjent med figuren Tarkus, som er en god kjenner av trafikkbildet. Barna lærer om skilt og reglar i trafikken, og om det å bli sett. Vi deler ut refleks til alle barna.

Turar med førskulebarna

For dei eldste barna i barnehagen er det å gå turar saman ein fin måte bli godt kjent med kvarandre. Barna gleder seg til turane og opplever mykje artig. I tillegg får dei brukt kroppen sin og opplever meistring når dei står på toppen av fjellet. Dette barnehageåret vil vi gå til turområde rundt oss.

Innhaldet i barnehagen

Omsorg

For barnehagen er det ei primæroppgåve å gje omsorg og nærleik, og sjå til at barna blir sett som individ. God omsorg er å sikre at barnet er mett, trygt og har det bra både fysisk og psykisk. Alle barn har krav på å bli møtt som dei er.

Det legg grunnlaget for utvikling av respekt og forståing for det som er annsleis.

Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet. Vi skal tilby barna et miljø prega av humor, glede, kreativitet og omtanke for fellesskapet. Alle barn må oppleve å bli sett og hørt, og vi må arbeide for at barn og foreldre opplever tryggleik hos oss, som er basis for lek og læring. Det må arbeidast for at alle har minst ein ven. Barna blir inkludert i lek og aktivitetar, men får og lov til å trekke seg tilbake og vere for seg sjølv.



Danning

Vi må anerkjenne barndommen sin eigenverd. Danning er å legge grunnlaget for barnet si allsidige utvikling. Gjennom danning blir evna til etisk refleksjon og tenking utvikla, og dei må få støtte til å handle omsorgsfullt og gjere gode val.

Demokratiske prosessar skal gje barna ein solid forankring i vår kultur og levesett. Barna skal lære korleis eit demokrati fungerer. De må lære at deira syn tel, men og at de er en del av en gruppe. Vi må hjelpe barnet til å sjå at deira val kan ha konsekvens for seg sjøl og andre, og at de må vise omsyn. Dette gjere vi ved å høyre på barnet, og at alle skal få ytre seg og få delta. Dei får og medverke til innhaldet i barnehagen.

Barn mellom eitt og seks år er midt i den viktige læringsprosessen om seg sjølv som person. Det er det daglige sosiale samspelet som dannar ramma rundt denne læringa, og kvaliteten på samspelet som gir det verdi.

Vi må tilrettelegge for at barn kan utvikle evnen til å forholde seg prøvende og nysgjerrig til omverda og til å se seg sjølv som eit verdifullt medlem av et større fellesskap. Barn må bli møtt med lydhørhet, innlevelse og vilje til samspel, men og få hjelp til å oppfatte kva rammer som er der og som er aksepterte i samspel med andre. Duå vektlegg sosial kompetanse, og et viktig prinsipp er oss vaksne som rollemodeller som hjelper og veileder barna i deira kvardag. Dei vaksne skal være audmjuke og vise respekt. Barnet må få være lei seg og sint, og vi må møte følelsane deira og gje dei trøyst og støtte til å utrykke sine følelsar og alternative problemløysingar.

Vi er medviten på at vi møter gutar og jenter med dei samme forventningar og krav, og tilrettelegg ut i frå individuelle ønskjer og behov.

Leik

Leiken er barnet sin viktigaste vei til læring, men og verdifull i seg sjølv.

Gjennom leik tileignar barnet seg erfaringar både om seg sjølv som ven og leikepartner, og om korleis verda rundt verkar.

Samhandling legg grunnlag for sosial

Leiken skal ha ein stor plass i barnehagen vår. Vi må skape gode vilkår for leiken, og god tid til den lange og gode leiken utan for mange avbrot. Dette må vi vere bevisst .

Ulike miljø og rom i barnehagen skal inspirere til leik, gje skjerming til leik og være både inspirerende og innbydande. kompetanse og venskap. Vi må støtte oppmuntre og inspirere barna sin leik. Det må leggst til rette for godt samspel av aktive vaksne som arbeider for å inkludere alle barn i leik.

Dei vaksne vil være litt på sidelinja, observere og støtte der dei ser det er naudsynt. Dei vil og bruke coaching og beskrivande kommentarar for å få barna inn i leik og bli verande i leiken.

Dei vaksne vil, dersom barna ønsker det, delta i leiken. Leiken kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder, språk og kultur. Barnehagen vil bidra med å trekke inn ny kunnskap og erfaring, (gjennom opplevingar vi gjev barna både i og utanfor barnehagen) som igjen vil utfylle og fornye leiken.

Læring

Læring i barnehagen er å gi barna erfaringar som dei kan bruke neste gang dei møter ei lik eller tilsvarende utfordring og som gjer at dei veks og endrar åtferd.

Barn si undring må møtast på ein støttande, utfordrande og utforskande måte. Vi må gi eit variert tilbod innan fagområda der barna får erfare og prøve ut. Det visuelle rommet og materialval er og viktig, og tid til å leike ut erfaringane

Vi har eit stort fokus på den gode vaksne i personalgruppa i barnehagen, m.a. med

Dei Utrulege åra og gjennom utarbeiding av a- standard og refleksjon over haldningar og handlingar.



Nussa

Nussa er eit utviklings- og leikebasert barnegruppeprogram for barn, basert på Nevroaffektiv utviklingspsykologi. Målet er å nytte nevroaffektiv utviklingspsykologi som metode til å forstå, møte og sette opp gode tiltak for å styrke barn si sosiale og emosjonelle utvikling, og gi god reguleringsstøtte.

Leik og strukturerte leikegrupper er sentrale i metodikken.

NUSSA har som mål å styrkje barnas emosjonelle, personlege og sosiale ressursar gjennom strukturert leik, slik at barna aukar sine relasjonelle ressursar, sjølvinnstikk og blir meir robuste mot psykiske stressfaktorar.

Denne opplæringa vert vi ferdige med i haust og vi er godt i gang med å bruke det i smågrupper på avdelingane.

Dei utrulege åra

Vårt viktigste arbeid er å skape gode relasjonar , Gode relasjonar skaper trygghet og en god atmosfære. Vi gjør oss kjent med enkeltbarnet og gruppen, er engasjert og viser følelser, gjev bekræfting via kroppsspråk og teikn, og orda vi seier. Vi må sjå etter den positive fremferden hos barnet og støtte den. Vi må dyrke den gode fellesskapsfølelsen og ha et raust og varmt miljø.

Vi bruker beskrivande kommentarer, som for eksempel» Nå leker du med Gro, dere leker med biler». Dette er en måte å gi oppmerksomhet på som ikke krever at barnet går ut av situasjonene for å svare.

Vi er spesifikk i rosen vår og sier « Så fint at du deler» . ikke kun at du er flink. Vi setter ord på det vi ser og det som gjøres. Benevner mest mulig.

Vi har minst mogleg mersemd på uønska åtferd. Ha tegn for stopp,lytt, være stille, hender og føtter for seg sjølv. Desse reglene lagar vi saman med barna ved oppstart om hausten.

Vi har månedlege fokusområde som alle voksne arbeider med og som hjelper oss til å ha ein god praksis.

Ørneklubben



Ørneklubb for skolestarterne. Gjennom lærerike, morsame og varierte aktiviteter skal vi saman førebu oss på overgangen frå barnehagen til skulen!

I ørneklubben har barna mykje spanande oppgåver å sjå fram mot, til dømes skal vi ha aktivitetshftet «Trampoline». Her kan barna få erfaringar med skuleførebuande oppgåver som til dømes: meg og deg, formar, bokstavar, mønstre, plassering, måling, sortering, stavelser, rim og symbol

Nokre tema vi skal arbeide med i høve til sosial kompetanse:

- Venskap
- Sjølvstende
- Problemløysing
- Sjølvregulering og kjensler

Opplevingar på tur saman i ulike område på sotra.

Det Almennpedagogiske tilbodet til barn som treng ekstra støtte.

Barnet skal i den utstrekning det er mogeleg delta i barnehagen sine aktiviteter på linje med andre barn. Aktivitetane kan som oftast leggst på eit nivå som gjer det mogeleg for alle å delta. Berre i særskilte høve ut i frå barnet sitt eige behov skal det ha eigentrening og ha eit separat opplegg. Vi tilrettelegg til det beste for barnet i nær dialog med foreldra. Dersom det er behov for ekstra ressurser kan vi saman med foreldre søke om det.



Vi lager til og fra lapper av gammelt avvispapir

Arbeidsmåtene knytt til fagområda i barnehagen

Vi nytter i stor grad «Nysgjerrigpers arbeidsmetode» kvar gong vi skal starte eit nytt tema eller prosjekt i barnehagen. Metoden er også kjent som «Forskarspiren» (Jfr. Naturfagsenteret). Å stille åpne og undrande spørsmål saman med barna er vår tilnærming metode:

- 1) Dette lurer eg på!
- 2) Vi leiker og eksperimenterer/ kvifor er det slik? Lagar tankekart med barna.
- 3) Vi prøver å finne ut meir og lager ein plan for det vidare arbeidet.
- 4.)Kva har vi funne ut? hvorfor og hvordan:) Prosjekta våre kan og endre seg undervegs, det kjem an på kva vi finn ut!
- 5.)Vi fortel til andre! Det kan vi gjere via nettsida vår, veggavis til foreldre, lokalavis eller utstilling.

Fagområda	1-2 åringane	
	Mål	Tiltak
Kommunikasjon, språk og tekst	Utvikle språkforståing og glede ved å bruke språket på ulike måtar	Sette ord på det vi gjer.. og det barnet opplever Kroppsspråk, Sjå i og lese bøker. Rim, regle og musikk. Bruke konkreter og visualisere
Kropp, bevegelse, mat og helse	Skapa ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg mestring, dei må få prøve sjølv. Bli kjend med ulike smakar og konsistens .	Bli kjent med eiga kropp. Gå korte turar i/rundt barnehagen, og vere ute uansett ver. Minirøris Tilby tradisjonsrik og sunn mat
Kunst, kultur og kreativitet	Gje barna mange gode og varierte inntrykk og erfaringar.	Teikning, rabbling, fingermaling. Forming. Drama. Vekt på utforsking og prosess. Samlingar med musikk og instrument.
Natur, miljø og teknologi	Bli kjent med naturen rundt barnehagen til alle årstider Bli kjent med naturmaterialer i forming inne og ute	Opplive ulike årstider og vær. Bruke ting i naturen. Bruke ulendt terreng til å bevege seg.
Etikk, religion og filosofi	Lære seg sosiale kodar	Øve seg på å dele, gje omsorg, kos,.
Nærmiljø og samfunn	Barna skal få gode opplevingar i nærmiljøet	Tilhørighet og tryggleik. Bli kjent med naturen i nærmiljøet.
Antall, rom og form	Bli kjent med ulike tal, formar og fargar gjennom å utforske, erfare og leike	Bruke ulikt materiale som duplo. Sortere og beskrive i naturlege samanhengar som leik ,aktivitetar, ryddar, les .

Fagområda	3-4 åringane		5-6 åringane	
	Mål	Tiltak	Mål	Tiltak
Kommunikasjon, språk og tekst	Utvikle språkkompetanse, ordforråd og ulike kommunikasjons former Bevisstgjerjing av språket i ulike situasjonar	Samtalar, rim og og månadens regle. Eventyr, bøker og rolleleik. Song og musikk. Bruk av dagtavle til språkstimulering. Gje barna kjennskap til enkeltord og symbol som fargar og årstider	Produsere tekst saman med vaksne.	Grublekrok og bruke av ikt hjelpemidlar lese kapittelbøker
Kropp, bevegelse, mat og helse	Vidareutvikla grov og fin motorikk Variert kosthald Sjølvtende trening	Lære om kroppen. Syngje, spille og danse, bruk av minirøris. Øve på hoppe,kaste,rulle og balansere. Legge til rette for trening av- og på kledning, toalettbesøk og håndvask. Gje dei erfaring med å gå i ulendt terreng. Få kjennskap til sunn og variert mat.	Sjølvtendetrening Fysisk aktivitet	Går ulike turar i i nærmiljøet og kva kroppen treng. Henrydukken-førstehjelp
Kunst, kultur og kreativitet	Oppmuntre til kreativ tenking, fantasi og skaparglede	Ulike formingsteknikkar og variert materiale. Musikksamlingar og kor kvar veke.Bruk av musikkinstrument.lage kunstverk til venskapsveke. Bærekraftsprosjekt og relafagsprosjekt.	Uttrykke seg visuelt i språk, musikk, song, dans og drama. Ha skapande prosessar kring ei bok	Lagar pepparkakehus saman , felles prsjekt,tredimensjonalt. Delta i kor, øve på fremføre
Natur, miljø og teknologi	Opplive naturen i alle årstider, lære å ta vare på den og bli glad i den	Bli kjend med de 4 årstider..Få erfaring med å dyrke planter og hauste, gjere reint drivhuset og vatne. Få erfaring med fysikk ved enkle forsøk.	Lære om mangfaldet i naturen. Bruk av ikt, Lage fuglemat	Lage værstasjon om hausten Bruke ikt på ulike måter til dokumentasjon.
Etikk, religion og filosofi	Lære toleranse og respekt for at alle er forskjellige Bevist på eigne handlingar,lære seg å ta omsyn til andre	Kjennskap til ulike kulturar bruke verktøyet familien for å gje kjennskap til ulike måtar å leve saman. Undre seg. Sosial kompetanse. Ulike tradisjonar og feiringar Følelsar, omsyn, omsorg og respekt for kvarandre	Vidareutvikle sosial kompetanse og få venner.Kunne si ifra	Sosial kompetanse; samhandling, vennskap og sjølvregulering gjennom Ørneklubben Arbeid med identitetet,smiso
Nærmiljø og samfunn	Bli kjent med nærmiljø. Bli kjent med nasjonaldagen og samisk kultur. trafikk	Bruke nærområdet, og besøke andre institusjoner. Bruke lokalområdet lekeplassar,bibliotek, Delta på innkjøp av frø og jorddiv. Barna får kjennskap til viktige merkedagar og om samane.	Bli kjent med yrker Lære om demokrati	Besøke brannstasjon og andre intitusjoner, gå luciatog på sykehjemmet Bruke tarkus
Antall, rom og form	Erfare, utforske og leike med formar, mønster, likskap og mengd. Bli fortrolig med med tal og bokstavar og omgrep	Brettspel, lego og puslespel. Dekke matbord. Fokus på lenge,vekt tal når ein haustar frå drivhuset, veie avling.matematikk i alle formingsopplegg og prosjekt	Erfare, utforske og leike med form, lengde og ulike mønster.	Utforske tal, mengde, formar, mønstre,volum. bruke ,mattemeis. Målar høgde på barna.

Språkarbeidet i barnehagen

Med dei minste i barnehagen bruker vi her og nå situasjonen og det barnet er oppteken av for å stimulere språkutviklingen. Vi snakkar saman og prøver å tolke det barnet prøver å si, sette ord på det og gi barnet positive erfaringer med å bli forstått, at det «nytter» å kommunisere. Vi beskriver og setter ord på det som skjer og det vi gjør .

Personalet arbeider med språkløyper og prinsippene der. Vi visualiserer og ein del eventyr og bøker for dei, ved å lage små miljøer f.eks i ein koffert. Dette gjør vi for at dei skal forstå handling i boka bedre og for at dei skal kunne leike seg inn i historia og gjerne utvikle ho. Det gjør god trening i å lage ei forteljing sjølv og utviklar ordforrådet.

Eit godt språk er ein god reiskap for å få innpass i leik og kunne vere saman med andre på ein god måte. Vi har eigen plan for språkarbeidet og har fokus på rim og regler og les og samtaler mykje.



Vi les:

Les same bok fleire ganger. Skap forventning i forkant av introduseringa. Ha med noko som ein finn at i boka, noko om tema, eller undre seg litt om kva denne boka kan handle om.

Leik historia, det vil gje felles oppleving og referansar til leiken.

Utforsk bøkene med opne og lukka spørsmål.

Velg ut nokre moment og gjer boka kvardagslig. Tilrettelegg for at barna kan ha ein tilsvarande oppleving sjølv.

Lag rom i rommet, lag og bruk konkretar.

Alder og individtilpassa, kva likar desse barna, kva temaer.

Gje barnet tid til å fabulere og lage egne historiar. Når barnet blir kjend med historien kan det tilføre nye moment sjølv, lage sin eigen vri.

Digital praksis

Rammeplanen sier at den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Det skal bidra til eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.

Digitale verkty kan gje ein annan innfallsvinkel til lek og læring. men i tidsbruk er det eit begrensa verkty. Og nettbrett vil brukast saman med voksen.

Barn sin medverknad

Straume barnehage legg vekt på ein anerkjennande væremåte, der det å lytte til barnet, ta det på alvor og gje rom for ulike perspektiv er viktige element vi jobbar med. Dvs. at vi skal vere lydhøre for det barna er opptekne av, og vi skal hjelpe dei til å gripe tak i, og forske vidare på det dei er opptekne av. Desse innspela ser vi gjennom dagleg observasjon. At vi tar innspel på alvor, viser seg gjennom at vi vaksne tar oss tid til å snakke og undre oss saman med barna.

Innspela kan og munne ut i store og små prosjekt.

Kvardagsrutinane må vere slik at det er stort rom for barnet sitt eige initiativ.

Alle barn har ikkje utvikla eit verbalt språk, men dei har andre måtar å uttrykke seg på. Dei bruker kroppen, blikket og lydar. Disse signala er det viktig at vi vaksne fangar opp og lærer oss å tyde. Det handlar om å lytte til barnet og vise at vi bryr oss om å høyre på dei.

Vi må sjå heilskapen i det barnet vil formidle til oss. Gjennom å gje barn moglegheit til å hevde seg sjølv og føle at dei blir respekterte, får vi trygge og harmoniske barn med tru på seg sjølv – ein positiv sjølvkjensle.

I Straume barnehage har vi som mål at barna skal

- ha egne meiningar og hevde seg sjølv
- aktivt delta i konfliktløysing
- Hjelp barnet å sjå at det er ein del av ei gruppe og må ta omsyn.
- være aktivt deltakande i ulike samlingar, som i drama-, musikk- og leikegrupper
- velge når dei vil være inne eller ute i løpet av dagen, enkelte dagar
- velge kven dei vil leike med
- vere med å velge turmål og til val og planlegging av tema vi skal arbeide med.
- velge kva de vil aktivisere seg med
- få dokumentere frå kvardagen sin ved hjelp av bilete og anna.
- Vere med å komme med forslag på nye leikar og utstyr.

Vi sikrar barna sin medverknad gjennom :

- At dei er med på å planlegge aktiviteter, til dømes gjennom utarbeiding av tankekart.
- Barna skal delta aktivt i vurderingsarbeid, som gjennom
- samtalar i etterkant av prosjekt og temaarbeid.
- Kvart år når det nye barnehageåret startar, deltek barna i å lage nye reglar for kva dei kan og ikkje kan gjere i barnehagen.
- Vi har kvar haust barneintervju om barna sin trivsel, venskap og mobbing.
- Barna får medverke gjennom intervju og når vi skal utarbeide ny a-standard for eit område.

Dei minste sikrar vi medverknad gjennom å legge merke til deira uttrykk, verbalt og kroppsspråk, for å sjå kva dei likar eller er opptekne av.



Ulike
kunstuttrykk



Tradisjonar og feiring

Månad	Tema	tradisjon
Januar		
Februar	Førebuing til karneval/temafest	Temafest
Mars	Dyre og planteliv om våren Påskeførebuing	Så frø, gjere klart i drivhuset Ettermiddagskaffe med byttedag for klær.
April		
Mai		Markere 17.mai Idretts/aktivitetsdag
Juni		Sommarfest med foreldre og barn.
Juli	Sommarbarnehage	Barnehagen stengd dei to siste vekene i juli
August	Oppstart nye barn, bli kjent med kvarandre	
September	Meg sjølv, rutiner og reglar	Foreldremøte
Oktober	Barn i andre land, Haust i naturen	Høst fest. I år blir det spillkveld for barn og foreldre på Luna og Sol
November		
Desember	Juleførebuing 	Baking, lage presangar /julepynt Kyrkjebesøk 13. Luciafeiring med foreldre nissefest

Samarbeid med barnas heim -foreldresamarbeid

Straume barnehage skal gje barn under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitetar i nær forståing med heimen. Foreldra skal ha høve til innverknad gjennom foreldresamtalar, samarbeidsutval og foreldremøte. Foreldra skal være trygge på at barnet blir sett og høyrd, at det trivst og får omsorg i barnehagen. Vi er avhengig av eit samarbeid som byggjer på gjensidig openheit og tillit. Barnehagen har fleire samarbeidskanalar, både formelle og uformelle;

Den daglege kontakten i garderoben er viktig for dagleg gjensidig informasjon rundt barnet. Vi bruker Vigilo som kommunikasjonsmiddel mellom barnehage og foreldre/føresatte

Her har ein god moglegheit til å utveksle informasjon kring barnet. Det kan dreie seg om primærbehov som stell, søvn og mat, eller generell informasjon. Når det gjeld andre saker, be gjerne om ein foreldresamtale, då det ikkje er ønskeleg å snakke om alt over hovudet på barnet. Barnet skal oppleve at det er ein viss grad av samanheng mellom heim og barnehage. Då må vi ha god kjennskap til kvarandre sine haldningar og tankar. Pedagogisk leiar inviterer til foreldresamtale to gongar i året. Her kan vi saman finne ut korleis tilbodet blir best for barnet ditt og resten av barnegruppa. Her vert det informert om barnet sin trivsel og utvikling. I tillegg er det eit formelt samarbeidsorgan der begge partar kan vere med å sette agenda for møte i høve til forventning og behov.

Vi vil arbeide for at foreldre opplever oss som imøtekommande, respektfulle overfor barn og vaksne, og som blide og positive. Vi skal vere lydhøre, og bry oss om små og store saker som foreldre er opptekne av.

Foreldremøte vert det kalla inn til kvar haust. Her vert det informert om barnehagen sine målsetningar jfr. barnehagelov og rammeplan. I tillegg kjem informasjon om arbeidet med barna på avdelinga. Vi sikrar at foreldre får muligheit til å aktivt påverke tilbodet gjennom å be om innspel til årsplan, ha gruppearbeid og undersøkingar om viktige tema i barnehagen, ha brukerundersøking anna kvart år og saman med su velje ut kva ein skal arbeide med å forbetre.

Det kan og meldast inn saker av allmenn interesse i foreldregruppa som det er ønske om å diskutere (foreldrerådssaker). Nokre år har vi og foreldremøte om våren med eige tema.

Vi har fleire samankomstar årleg der foreldre vert invitert. Om hausten har vi haustfest. Før jul har vi luciafeiring. Vi har foreldrefrukost eller kaffi i tida ikring påske. På førsommaren er det sommarfest.

Samarbeidsutvalet:

Består av foreldre/føresett og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar har møte – tale – og forslagsrett. Alle foreldre er medlem i foreldrerådet i barnehagen. Foreldrerådet har møte i forkant av foreldremøtet kvar haust.

Vi ønskjer foreldra sin stemme inn i arbeidet i barnehagen og sikrar det mellom anna ved å høyre kva dei er opptekne av når vi har startsamtale, brukarundersøkingar, foreldresamtale eller i den daglege kontakten. Vi sikrar oss og innspel gjennom foreldremøte, gruppearbeid, evalueringar og foreldrerådsmøte.;

Foreldre kan i forkant sende inn saker dei er opptekne av. Her vert det velt medlemmar til Su. I Su er det to representantar frå foreldre og to frå dei tilsette. Styrar har møterett og uttalerett. Su har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen som innhald, verksemd og forholda til foreldre. Su skal fastsette årsplanen for barnehagen. Styrar ser til at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutval.

Andre samarbeidspartnarar.

Vi samarbeider med helsestasjonen, barnevern, Bup, Ppt ,oppvekstsjef og andre einingar.

Overgangar

Oppstart i barnehagen

Barn og foreldre kjem gjerne på besøk i barnehagen i forkant av oppstart. Då har vi ein besøksdag for dei som vil og kan. Det kan gjere både foreldre og barn tryggare, og gje oss ein god start på samarbeidet. Når barnet startar i barnehagen må ein omsorgsperson vere med barnet dei første tre dagane, og gjerne mange dagar utover det. Kor fort barnet ser ut til å bli trygg og trives i barnehagen, vil styre dette, saman med foreldra sin moglegheit til å ha ei lengre tilvenning. Dette finn vi ut av saman. Barnet får tildelt ein vaksen som har hovedansvaret for tilknytningen dei første vekene, og som vil være mest mogleg tilgjengeleg for barnet og foreldra.

Vi prøver å ha roleg oppstart i små grupper, og at barnet gradvis blir kjent med rutinar og andre barn og avdelingar.

Ein av dei første dagene har vi noko vi kallar startsamtale, som er ein samtale der ein prøver å få kjennskap til alle sider av barnas liv som til dømes heimemiljø. Vi spør om vald, rus, psykiske vanskar og andre sensitive sider. Det er frivillig kva foreldra vil dele. Personalet har teieplikt. Vi spør for å kunne tilrettelegge og støtte barna der det trengs mest. Her kan vi og snakke om felles forventningar, avdekke behov barn og foreldre har, eventuelle allergiar, og anna foreldra meiner er viktig å formidle.

Overgang mellom avdelingar

Når barnet skal skifte avdeling snakker vi med foreldra og informerer om kva avdeling og tidspunkt for skifte. Nokre gangar blir det skifte i løpet av året, men helst etter sommarferien.. I vekene før overgangen er barnet på besøk og deltek i enkelte aktivitetar på den avdelinga der det skal starte. Dei pedagogiske leiarane på dei to avdelingane har og ein felles foreldresamtale med foreldre til barnet der det vert utveksla erfaringar, ønsker og behov.

Overgang barnehage – skule

I Øygarden kommune er det utarbeida ein plan for kva innhald og rutinar som skal vere på plass for at 6- åringane skal få størst mogleg utbytte og samanheng mellom barnehage og skule. Sjå vedlegg.

Ut i frå rettleiaren, lov og erfaringar er no årshjulet med vedlegg ein standard for dei kommunale barnehagane i Øygarden. ørneklubben vil fungere som skuleførebuande aktivitet.

Vi går på besøk til Foldens skule slik at barna blir kjent med uteområdet og seinare får dei kome på besøk på skulen./sfo.

For dei barna som skal starte på ein annan skule vil det og gje nyttige erfaringar med kva ein skule er.

Vi har tett dialog med foreldra om kva informasjon dei vil at skulen skal motta, og dei må signere skjema om dette, og dette vil vere det vi tek opp i samtalen med skulen rundt enkeltbarnet.



Herlige
vinterdager
brukes ute.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Barnehagen har 5 planleggingsdagar. I tillegg har vi personalmøte på kveldstid, leiarmøte og avdelingsvise møter kvar månad. Denne tida nyttar vi til å planlegge innhaldet i barnehagen. Vi legg planar for fleire år av gangen når det gjeld kompetanseutvikling og utvikling av barnehagen sin praksis. Vi planlegg heile året og skriv ny årsplan kvar sommar. I tillegg planlegg vi tema og aktivitetar for eit halvt år av gangen, og dei er ytterlegare detaljrike i månadsplanlegginga.

Kvart år har vi vurdering av dei vaksne sine haldningar, verdiar og praksis.

Vi forskar i eigen praksis for å sjå at den er god nok, at vi utviklar oss og at vi drar lasset saman i den retninga vi sjølv og rammeplanen krev. Dette gjer vi ved å reflektere over vel gjennomtenkte problemstillingar, praksisfortellingar og ved å gripe tak i ting som vi opplever er utfordrande for oss. Dokumentasjonen gjer oss informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Dokumentasjon er viktig for å belys praksis og vurderings og dokumentasjonsarbeid heng tett saman. All planlegging bygger på evaluering av praksis.

Arbeidet i barnehagen blir vurdert kontinuerlig. Det som som vert vurdert er innhald og arbeidsmåtar i barnehagen opp mot barnehagelov og rammeplan for barnehagen. Målet med å vurdere er å sikre høg kvalitet på arbeidet vårt, og finne ut kva vi kunne gjort betre for å auke kvaliteten. Vi vurderer heile vår pedagogiske praksis kvart år som :

- Barns leik, leikemiljø og barns medverknad
- Enkelt barn og barnegruppa
- Planar og måloppnåing
- Vaksenrolla
- Foreldresamarbeid

Arbeidet involverer foreldre, barn og tilsette. Pedagogisk leiarr og styrar har eit overordna ansvar.

Foreldra blir på ulike måtar invitert med på vurderingsarbeidet gjennom foreldresamtalar, gruppearbeid på foreldremøte og brukarundersøkingar.

Vurdering med barn skjer gjennom samtalar med barna og observasjonar om kva dei liker og finn seg vel til rette med.

Vi observerar her og no situasjonar. Vi kartlegg barnas trivsel og har barnesamtalar .

Tilsette vurderer på avdelingsmøte og på personalmøte, halvårsoppsummering før jul og for heile året kvar sommar i fellesskap

Arbeidsmåtar og innhald vert hele tida tilpassa og justert etter kva som er det mest hensiktsmessige for å nå måla våre, den barnegruppa vi har og kompetanse og ønske om utfordringar hos dei vaksne.

Dokumentasjon av planlegging blir teken vare på i kommunenes arkiv.

Dokumentasjon av praksis er skriftlege oppsummeringar og vurderingar som blir arkivert. Vi nyttar testar som Tras og Alle med ,og vi bruker dei der vi føler behov for ekstra kartlegging og i nær forståing med foreldre.

Biletebruk og tekst er dei mest sentrale formene for dokumentasjon retta mot foreldre og barn.

Dokumentasjonen skal gi et godt overblikk over vår pedagogiske praksis.

Dette vil vi gjere i vår barnehage for å synleggjere praksis:

- Henge opp/sette fram ting barna har arbeida med
- Vise bilde frå barnas kvardag hengt opp på avdelinga. Nokre blir og lagde i barnas perm.
- Dagleg tilbakemeldingar og skriftleg månadsinformasjon/rapportar
- Gjennomføre foreldresamtalar

Dette barnehageåret skal vi sjå særskilt på :

tema	Kven skal delta i vurderinga	Kva skal vurderast	Form for vurdering
Grønt flagg	Barn og tilsette og foreldre	Gjenbruk,bruk av verdiløst materiale	Skjema og samtale
musikk	tilsette	Bruk av det nye materialet ,pilotprosjektet.	Samtale,evaluering
prodialog	Tilsette	Tidsbruk og nytte	samtale
Nussa	tilsette	Om vi har klart å implementere det	samtale

HMT:

Det er styrar i samarbeid med verneombod som har ansvaret for hmt i barnehagen, dei går vernerundar årleg og ettersyn av uteområde månadleg.

Vi har jamnleg brann og førstehjelpskurs for dei tilsette.

Årleg går vi igjennom beredskapsplanar knytt til ulykker, krisesituasjonar og dødsfall.

Alle tilsette og vikarar skal levere gyldig politiattest, og skrive under på teieplikt.

Vi har opplysningsplikt til barnevernet dersom vi har bekymring i kring eit barn.



